

Halvårsrapport 2012

Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) oppnådde eit resultat etter skatt i første halvår i 2012 på 31 mill. kr, noko som er 29 mill. kr betre enn tilsvarende periode i 2011.

Konsernet

Konsernet SFE består av morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS og dei heileigde dotterselskapa SFE Kraft AS, SFE Produksjon AS, Firdakraft AS, Sørstrandsvegen 9 Sandane AS og SFE Nett AS. Dotterselskapa Svelgen Kraft Holding AS og Svelgen Kraft AS som er eigd 56% SFE Produksjon AS inngår også som ein del av SFE-konsernet. Fossheim Energiverk AS, Innvik Kraftverk AS, Vestavind Kraft AS, Etrygg AS og Eninvest AS er tilknytte selskap til konsernet.

Eigarsamansettinga i Sogn og Fjordane Energi AS er slik:

Sogn og Fjordane fylkeskommune:	48,2 %
BKK:	38,5 %
7 kommunar i Nordfjord og Sunnfjord:	13,3 %

Gjennomsnittleg systempris 1. halvår var 25,3 øre/kWh. Til samanlikning var gjennomsnittleg systempris 1. halvår i fjor 46,3 øre/kWh.

Rekneskapen for 1. halvår 2012 viser eit overskot for SFE-konsernet på 31 (2) mill. kr etter skatt. (Tal for 1. halvår 2011 i parantes.)

Kraftproduksjonen 1. halvår var 1 043 GWh (876 GWh). Pga auka produksjon har SFE oppnådd høgare inntekter frå produksjonen 1.halvår i år i forhold til fjoråret, men driftsresultatet er under forventningane grunna lågare prisar enn venta. Driftsresultatet for kraftproduksjon er opp frå 106 mill. kr til 136 mill. kr.

Transportert mengde i nettet var 378 GWh, det er ein auke på 10 GWh frå fjoråret. Selt kraftmengde til kundar i sluttbrukarmarknaden var 680 GWh, det er ein nedgang på 10 % frå 756 GWh i fjor.

Nettverksemda i konsernet har eit negativt resultat for 1. halvår. Driftsresultatet er redusert frå 20 mill. kr første halvår 2011 til eit underskot på 5 mill. kr i 2012. Hovudforklaringa er lågare inntekt som følgje av lågare inntektsramme frå NVE for 2012 samanlikna med 2011. Styret meiner det er uheldig at rammevilkåra for nettverksemda er slik at det gir store svingingar i inntekter frå år til år. Gitt verksemda sin art med store investeringar i infrastruktur, bør denne type verksemd gi stabil og forutsigbar avkastning frå år til år.

Resultatrekneskapen

SFE hadde i 1. halvår driftsinntekter på 565 (716) mill. kr. Driftsresultatet vart 135 (136) mill. kr. Resultatet før skatt er 81 (79) mill. kr etter at netto finanskostnader på 54 (58) mill. kr er belasta resultatet. Resultatet etter skatt er på 31 (2) mill. kr. Det er ei auke på 29 mill. kr frå 2011. Det er belasta 23 (24) mill. kr. i overskotsskatt og 26 (53) mill. kr i grunnrenteskatt.

Balanse

SFE har investert 72 mill. kr i fysiske driftsmiddel i siste halvår, av dette er 57 mill. kr investeringar i nettanlegg. SFE sin totalbalanse 30.06.12 er på 4.329 mill. kr. Konsernet har omlausmidlar på 298 mill. kr og 4.031 mill. kr i anleggsmidlar.

Renteberande gjeld er 2.371 mill. kr. Av dette er 521 mill. kr gjeld som dotterselskapet Svelgen Kraft Holding AS har til sine eigarar Tafjord Kraftproduksjon AS og Sognekraft AS.

Eigenkapitalen pr 30.06.12 er 1.302 mill. kr, det tilsvarer ein eigenkapitaldel på 30%.

Framtidsutsikter

SFE reknar med å produsere noko meir enn middelproduksjonen på 2.065 GWh på årsbasis. SFE ventar eit resultat som er marginalt betre i 2. halvår enn i første halvår og dermed eit årsresultat som er betre enn resultatet i 2011.

Styret i Sogn og Fjordane Energi AS
Sandane, 29. august 2012